



Arkivnr: 2015/869-3

Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, Anne Aune

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		11.11.2015

### Utgreiing av nye fellestenester for fotografi

#### Samandrag

Sak om utgreiing av nye fellestenester for fotografi har bakgrunn i Fylkestinget si løyving i sak PS 20/2015 *Oppfølging av museumsplanen 2015*, på 150 000 kr til eit prosjekt som skal greie ut etablering av ei fellesteneste for magasinering og konservering av fotografi. I møte 15. april 2015, sak PS 51/2015, handsama Kultur- og ressursutvalet fordeling av museumsplanmidlar på institusjon. Her vart det vist til at det må utarbeidast retningsliner for konkretisering av kva oppdraget skal omfatte, som så vert å kome attende til i eiga sak. Det betyr at pengane er løyvde, men at ein i denne saka skal konkretisere oppgåva og fordele oppgåva på institusjon.

Musea i Hordaland har store fotosamlingar. I tillegg er andre institusjonar, både regionalt og nasjonalt, store kompetanseberarar på området. På same måte som innan musea si samlingsforvaltning, er det viktig at musea sjølve står for utgreiinga og på den måten samarbeider om gode framtidretta og berekraftige løysingar for sektoren. Løyvinga er gitt av museumsplanmidlane. Dette er midlar som støttar opp under museumsplanen sine tiltak. Desse vart utarbeida i nært samarbeid med musea, og skal løfte område som musea sjølve har sett på som særleg utfordrande, men også område som vil effektivisere og profesjonalisere museumsdrifta regionalt. Ein har hatt open dialog med musea om korleis oppgåva kan koordinerast. Museumssenteret i Hordaland har på bakgrunn av dei oppgåvene som allereie ligg til fellestenestene for musea i Hordaland, Bevaringstenestene, spelt inn at Bevaringstenestene bør få oppdraget med å koordinere og ferdigstille utgreiinga.

**Forslag til vedtak**

1. Kultur- og ressursutvalet sluttar seg til at Museumssenteret i Hordaland, avd. Bevaringstenestene, får ansvar for å koordinere og gjennomføre arbeidet med utgreiing av nye fellestenester for fotografi
2. Kultur- og ressursutvalet ser det som viktig at ein i utgreiingsarbeidet ser på lokale og regionale behov med utgangspunkt i nasjonale løysingar.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
Konst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 22.10.2015

Om tiltaket utgreiing av fellestenester for fotografi i regional plan for museum 2011-2015 står det følgjande: *Det skal utgreiast om ein i Hordaland skal etablere ei fellesteneste for magasinering og konservering av fotografi, der ein også har mannskap som kan operera mobilt i Hordaland. Her må ein vurdera om ein fysisk kjerne kan vere ei samlokalisering av fotosamlingane i Bergen museum, Universitetsbiblioteket i Bergen-billedsamling, Universitetet i Bergen sine faghistoriske samlingar, og Gamle Bergen (Bymuseet). Ei så sterk fotohistorisk samling, saman med den fotohistoriske kompetansen som allereie finst til dømes ved Universitetet i Bergen, har ei fagleg tyngd som gjer det naturleg å tenkje eit nasjonalt senter for fotokonservering bygt på dette, med musealt samarbeid når det gjeld formidling. Utgreiing om behov og løysingar må skje gjennom eit forprosjekt, og avgjerd om realisering av ei slik ny fellesteneste må opp som eiga sak.*

Regional plan for museum nemner følgjande institusjonar som ansvarlege: Universitetet i Bergen, Hordaland fylkeskommune, musea, Bergen kommune, Universitetsbiblioteket i Bergen, Universitetet i Bergen, Kunstmuseene i Bergen og Norsk Kulturråd.

Arbeidet har forankring i «Premiss: Regional plan for kultur 2015-2025», innsatsområde 25: Fotobevaring. Målet for dette innsatsområde er: «Den nasjonalt viktige rolla som Bergen og Vestlandet har i fotohistorisk tradisjon og forskning skal utviklast vidare.»

Musea i Hordaland har store fotosamlingar. Museumssenteret i Hordaland, avd. Bevaringstenestene (Fellestenestene for musea i Hordaland) har koordinert arbeidet med felles samlingsforvaltingsplan. Denne planen omfattar primært gjenstandssamlingane til musea, og vart ferdigstilt hausten 2015. Arbeidet har vist kor viktig det er at alle musea er involvert i arbeidet, for på den måten å auke samhandling, kartlegge ulike behov og sjå verdien av felles tenester. Det gir også moglegheit for mange innspel i forslag til løysingar. Innan foto er det fleire aktørar i tillegg til dei konsoliderte musea i Hordaland som har stor kompetanse. Desse må trekkjast inn i arbeidet, og det vert ei særskilt viktig oppgåve for det koordinerande museet. Ein må også trekke med i diskusjonane arbeidsgruppa som ser på nytt fellesmagasin for gjenstandar. Bevaringstenestene leiar denne arbeidsgruppa.

Musea har hatt spørsmålet om kven av musea som kan ta på seg oppgåva med å koordinere prosjektet om utgreiing om fellesteneste for foto, til uttale før saksutgreiinga. Samhandling med regionale aktørar, særleg Universitetsbiblioteket, har vore understreka. Museumssenteret i Hordaland har spelt inn at fellestenestene for musea i Hordaland, Bevaringstenestene, bør få ansvaret for oppgåva med å greie ut nye fellestenester for fotografi. Avdelinga har høg kompetanse innan førebyggjande og direkte konservering av tekstilar og andre kulturhistoriske gjenstandar. Bevaringstenestene drifrar fellesmagasinet for musea i Hordaland, Bevaringstenestene har fleire oppgåver knytt til samlingane til musea, slik at det er naturleg at arbeidet med ei utgreiing om nye fellestenester for fotografi vert ei oppgåve for Bevaringstenestene. Fylkesarkivet i Hordaland har fått i oppdrag av staten å koordinere arbeidet med fotobevaring i fylket. Hordaland fylkeskommune vil vere ein viktig ressurs inn i arbeidet gjennom fylkesarkivaren.

I arbeidet må ein tenke nytt og langsiktig. Etablerte modellar som til dømes «Rogalands-modellen» kan vere eit utgangspunkt for diskusjonane. I *fotonettverk Rogaland* er dei store musea og arkivinstitusjonane i Rogaland med. Alt fotohistorisk materiale er kartlagt og det er utarbeidd rutinar for digitalisering og registrering. Ein må tenkje korleis modellen kan dekke det einskilde museum sitt behov, dei regionale behova og korleis nasjonale løysingar kan tenkjast inn. Nasjonalbiblioteket sine lokalitetar i Mo i Rana kan til dømes tenkjast inn når det gjeld nitrat og fargefoto som er vanskeleg å ta vare på.

I arbeidet for Hordaland er det såleis viktig å avklare kva ein kan samhandle om - lokalt, regionalt og nasjonalt. Løysingane skal stå seg på lang sikt, slik at miljøvenlege, berekraftige løysingar vil vere ein føresetnad. Ein må kartlegge kvart museum sitt behov og korleis dette kan finne si løysing anten det er snakk om etablerte strukturar eller forslag om nye.